



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 9

(2004–2005)

Om lov om endringar i folketrygdlova og i enkelte andre lover

(samleproposisjon hausten 2004)

Innhold

1	Innleiing	5	3.5.10	Sjukepengar ved yrkesskade	15
			3.5	Rehabiliteringspengar etter utløpet av sjukepengeperioden – folketrygdlova § 10–8	15
Del I Endringar i folketrygdlova m.fl.		7			
2	Auka grunnpensjon til gifte og sambuande pensjonistar – folketrygdlova § 3–2 fjerde og femte leddet, § 3–4 tredje leddet og § 3–26 femte leddet bokstav a ..		3.6	Ikrafttsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar	15
		9	4	Skjerping av kravet om tenleg attføring og kravet om dokumentasjon av funksjonsevna i uføresaker	16
2.1	Innleiing	9			16
2.2	Bakgrunn. Storleiken på grunnpensjonen frå folketrygda	9	4.1	Innleiing	16
2.3	Lovforslaget	9	4.2	Gjeldande rett	16
2.3.1	Auka grunnpensjon	9	4.2.1	Kravet om attføring	16
2.3.2	Lovteknisk justering for å unngå at beløpsgrensene for inntektsprøving av forsørgingstillegg vert endra	9	4.2.2	Kravet om dokumentasjon av funksjonsevna	16
2.4	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar	9	4.3	Departementet si vurdering og forslag	16
		9	4.3.1	Skjerpa krav til attføring	16
			4.3.2	Lovfesting av kravet om dokumentasjon av funksjonsevna	17
3	Innføring av eit delansvar for arbeidsgivar i trygdeperioden samtidig som arbeidsgivarperioden vert redusert – folketrygdlova § 8–12 m.fl.	11	4.4	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar	17
			5	Endring av omgrepet »foreløpig uførestønad»	18
3.1	Innleiing	11			
3.2	Bakgrunn	11			
3.3	Gjeldande rett	12	6	Stønad til barnetilsyn når ein einsleg forsørgjar tek utdanning eller arbeider heime – folketrygdlova § 15–11 første leddet bokstav a	19
3.4	Departementet si vurdering og forslag	12			19
3.4.1	Generelt	12	6.1	Innleiing	19
3.4.2	Innføring av eit delansvar for arbeidsgivar med 10 prosent i heile sjukepengeperioden	13	6.2	Bakgrunn. Gjeldande rett	19
3.4.3	Reduksjon av arbeidsgivarperioden frå 16 kalenderdagar til 14 kalenderdagar	13	6.3	Departementet sitt forslag	19
3.4.4	Særreglar for arbeidstakarar med langvarig eller kronisk sjukdom	14	6.4	Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar	19
3.4.5	Forsikring mot ansvar for sjukepengar i arbeidsgivarperioden ...	14			
3.4.6	Feriepengar av sjukepengar	14	Del II Endringar i lønnsgarantilova		21
3.4.7	Reisetilskot	14			
3.4.8	Reduksjon i ventetida for rett til sjukepengar for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar	14	7	Maksimal dekning gjennom lønnsgarantiordninga vert redusert frå 3G til 2G	23
3.4.9	Nærare om fastsetjing av sjukepengeperioden	15	7.1	Innleiing	23
			7.2	Gjeldande rett	23
			7.3	Departementets vurdering og framlegg	24

7.4	Iverksetjing og overgangsreglar. Administrative og økonomiske konsekvensar	24			pensjonstrygd for sjømenn, lova om pensjonstrygd for skogsarbeidarar, lova om pensjonstrygd for fiskarar, lova om samordning av pensjons- og trygdeytningar, lova om yrkesskade- trygd, lova om statstilskot til ordningar for avtalefesta pensjon og i skattelova	29
Del III	Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget	25				
8	Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget	27				
8.1	Endringar i folketrygdlova	27	8.3	Endringane i lov 29. april 1988 nr. 21 om ferie § 10	29	
8.2	Endringane i lova om krigspensjo- nering for militærpersonar, lova om krigspensjonering for heimestyrke- personell og sivilpersonar, lova om		8.4	Endring i lønnsгарантиlova	29	
				Forslag til lov om endringar i folke- trygdlova og i enkelte andre lover	30	



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 9

(2004–2005)

Om lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover

(samleproposisjon hausten 2004)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet av 29. oktober 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet gjer med dette framlegg til endringar i

- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) og ei rekkje andre lover
- lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v.

I *Del I* i proposisjonen vert det gjort framlegg om materielle endringar i folketrygdlova og ferielova. Endringane er i hovudsak knytte til budsjettforslaget for 2005. Vidare vert det gjort framlegg om ei språkleg justering i folketrygdlova for å unngå ei forveksling av visse omgrep. Denne endringa gjer det nødvendig med tilsvarende endringar i fleire andre lover.

Forslaga gjeld:

- *Auka grunnpensjon for gifte og sambuande pensjonistar (punkt 2)*

For gifte og for visse grupper sambuande pensjonistar vert grunnpensjonen i folketrygda auka frå 82,5 til 85 prosent av grunnbeløpet. Endringa gjeld òg for avtalefesta pensjon med tilskot frå staten (AFP). Forslaget følgjer opp avtalen mellom Framstegspartiet og regjeringss-

partia hausten 2002 ved handsaminga av statsbudsjettet for 2003.

- *Innføring av eit delansvar for arbeidsgivaren i perioden med sjukepengar frå folketrygda, samtidig som arbeidsgivarperioden vert redusert (punkt 3):*
 - Innføring av eit delansvar for arbeidsgivarane med ti prosent i sjukepengeperiodar etter utløpet av arbeidsgivarperioden.
 - Reduksjon av arbeidsgivarperioden frå 16 kalenderdagar til 14 kalenderdagar.
 - Gjeldande skjermingsordning for langvarig eller kronisk sjuke arbeidstakarar som har risiko for særleg stort sjukefråvær, samt gravide med sjukefråvær relatert til svangerskapet, vert utvida til å gjelde også for det nemnde delansvaret for arbeidsgivarane.
 - Forsikringsordninga mot ansvar for sjukepengar i arbeidsgivarperioden vert utvida til å dekkje også delansvaret for arbeidsgivarane for sjukepengar etter utløpet av arbeidsgivarpengeperioden. Ordninga vert utvida til å omfatte bedrifter med lønnsutgifter opp til 80 gonger grunnbeløpet.

- Reduksjon av ventetida for rett til sjukepengar for sjølvstendige næringsdrivande frå 16 kalenderdagar til 14 kalenderdagar.
- *Skjerpa krav til tenleg attføring og til dokumentasjon av funksjonsevna (punkt 4)*
Endringa inneber at attføring skal ha vore prøvd for ein person kan få tidsavgrensa uførestønad eller uførepensjon, med mindre det er klårt at attføring ikkje er tenleg. I dag gjeld dette kravet berre personar under 35 år med spesielle diagnoser. Dessutan vert det gjort framlegg om at det skal skje ei vurdering av funksjonsevna i alle uføresaker.
- *Omgrepet «foreløpig uførestønad» vert endra til «foreløpig uførepensjon» (punkt 5)*
Målet er å unngå at ein blandar saman tidsavgrensa uførestønad og førebels uførestønad.
- *Einslege forsørgjarar som tek utdanning eller arbeider i heimen skal kunne få stønad til barnetilsyn (punkt 6)*
Det er i dag eit vilkår for å få stønad til barnetilsyn at den einslege forsørgjaren tek utdanning eller arbeid utanfor heimen. Forslaget vil gjere det lettare for einslege forsørgjarar å kvalifisere seg til arbeidslivet.

I *Del II* vert det gjort framlegg om ei endring i lønnsгарантиlova som inneber at den *maksimale dekninga gjennom lønnsгарантиordninga vert redusert frå 3G til 2G* (frå kr. 176 334 til kr. 117 556). Utgiftene til staten på dette området har auka i dei seinare åra, og forslaget tek sikte på å redusere utgiftene (punkt 7).

Forslaget om å endre omgrepet «foreløpig uførestønad» har ikkje administrative eller økonomiske konsekvensar.

Ein reknar med at forslaget om auka grunnpensjon for gifte og sambuande pensjonistar vil gi ei år-

leg meirutgift for folketrygda på 522 mill. kroner, medan meirutgiftene til avtalefesta pensjon med statstilskot er rekna til 3 mill. kroner. Som følge av at endringa skal gjelde frå 1. mai 2005, vil dei samla meirutgiftene i 2005 bli 350 mill. kroner. Dei administrative konsekvensane vil vere små.

Den samla provenyeffekten av forslaga om innføring av eit delansvar for arbeidsgivarane i perioden med sjukepengar frå folketrygda går fram av St.prp. nr. 1 (2004–2005). Ein reduksjon av arbeidsgivarperioden vil føre med seg ei viss administrativ meirbelastning for trygdeetaten. Innføringa av eit delansvar for arbeidsgivarane vil ikkje innebere administrative konsekvensar for trygdeetaten, medan arbeidsgivarar som ikkje utbetaler lønn under sjukdom vil få eit visst meirarbeid.

Lovendringa som gjeld skjerping av attføringskravet vil kunne føre til at fleire gjennomfører attføring og at det dermed vert færre nye mottakarar av ytingar til uføre. Det er likevel ikkje mogleg å rekne på effekten av dette. Forslaget vil ikkje få nemnande administrative konsekvensar for trygdeetaten. Dei administrative og økonomiske konsekvensane for Aetat som følgje av at ein skal prøve å attføre fleire personar, vil bli vurderte i dei årlege budsjettundane.

Forslaget om å gi einslege forsørgjarar stønad til barnetilsyn ved utdanning eller arbeid i heimen er på usikkert grunnlag rekna til 2 mill. kroner i 2005. Ein ventar likevel ei viss innsparing i overgangsstønad i åra framover ved at noko fleire einslege forsørgjarar kjem i arbeid eller aukar arbeidsinntekta si. Dei administrative konsekvensane vil vere små.

Forslaget om at den maksimale utbetalinga gjennom lønnsгарантиordninga skal reduserast frå 3G til 2G, er rekna å gi ei innsparing på om lag 26 mill. kroner i 2005. Den årlege innsparinga når forslaget får full effekt er rekna til 53 mill. kroner.

Del I
Endringar i folketrygdlova m.fl.

2 Auka grunnpensjon til gifte og sambuande pensjonistar – folketrygdlova § 3–2 fjerde og femte leddet, § 3–4 tredje leddet og § 3–26 femte leddet bokstav a

2.1 Innleiing

Departementet foreslår at grunnpensjon frå folketrygda til gifte og visse grupper sambuande pensjonistar vert auka frå 82,5 til 85 prosent av grunnbeløpet.

2.2 Bakgrunn. Storleiken på grunnpensjonen frå folketrygda

Pensjon frå folketrygda vert gitt som grunnpensjon og tilleggspensjon/sært tillegg, sjå folketrygdlova § 3–1.

Grunnpensjonen vert gitt etter ulike satsar for einslege og gifte. Dette er ei vidareføring av ei tilsvarende ordning i den behovsprøvde alderstrygda frå 1936, som vart avløyst av ei samordningspliktig alderstrygd for alle i 1959. Alderstrygda for ektepar utgjorde 150 prosent av alderstrygda for einslege.

Alderstrygda tok sikte på å sikre dei eldre ein akseptabel levestandard. Inntekt ut over dette måtte sikrast på anna vis. Det vart lagt til grunn at to personar som bur saman kan dele mange av dei utgiftene som einslege pensjonistar er aleine om.

Systemet med differensierte satsar for ektepar og einslege vart ført vidare då folketrygda kom i 1967. For pensjonane i folketrygda gjeld det framleis nokre særreglar til gunst eller skade for ektepar, mellom anna ordninga med differensierte satsar for ektepar og einslege. Ektepar og sambuarar med felles barn har føremoner i folketrygda som einslege ikkje har. Ein pensjonist som forsørgjer ein ektemake, kan dessutan ha rett til tillegg for ektemaken. Dessutan har ein etterlatt ektemake under 67 år rett til pensjon på grunnlag av pensjonsretten til den avdøde ektemaken. Når den etterlatte er uførepensjonist eller alderspensjonist, vert tilleggspensjonen frå folketrygda rekna ut frå det den avdøde har tent opp dersom dette vil vere til gunst for den etterlatte ektemaken.

Differensieringa av grunnpensjonen i folketrygda har tidlegare vore drøfta mellom anna i St. meld. nr. 12 for 1988–89 Folketrygda sin økonomi og pensjonssystem og St. meld. nr. 35 for 1994–95 Velferdsmeldinga. Spørsmålet er òg drøfta i Innst. O. nr. 46 for 1996–97 om forslaget til ny folketrygdlov.

Grunnpensjon er ikkje tent opp ved arbeidsinntekt slik som tilleggspensjonen, og er ei økonomisk grunnsikring som vert gitt til alle på grunnlag av trygdetida (tida som medlem i folketrygda) utan omsyn til tidlegare inntekt.

Full grunnpensjon for einslege pensjonistar utgjør 100 prosent av grunnbeløpet i folketrygda (58 778 kroner per 1. mai 2004), men 82,5 prosent av grunnbeløpet (48 492 kroner) når pensjonisten lever saman med ein ektemake som får pensjon frå folketrygda eller avtalefesta pensjon. Samla er grunnpensjonen til eit pensjonistektepar lik 165 prosent av grunnbeløpet, sjå folketrygdlova § 3–2 fjerde leddet og § 3–4 tredje leddet.

Ein pensjonist som har ektemake med ei årleg inntekt på meir enn to gonger grunnbeløpet, får òg grunnpensjon etter låg sats.

Sambuarar som har eller har hatt felles barn, som har vore gift med kvarandre før eller som har levd saman i 12 av de siste 18 månadene, får grunnpensjon etter dei same reglane som gifte, sjå folketrygdlova § 1–5 og § 3–2 femte leddet.

Føresegnene om grunnpensjon i folketrygdlova § 3–2 gjeld òg for avtalefesta pensjon med statstilskot, sjå lov 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskot til ordningar for avtalefesta pensjon § 2 første leddet bokstav c.

2.3 Lovforslaget

2.3.1 Auka grunnpensjon

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2003 vart regjeringspartia og Framstegspartiet samde om å auka grunnpensjonen til ektepar og sambuande slik at den vert sett til 1,6 G i 2003, til 1,65 G i 2004 og til 1,7 G i 2005.

Etter forslag i Ot.prp. nr. 59 (2002 – 2003) vart grunnpensjonen for kvar ektemake auka frå 75 prosent av grunnbeløpet til 80 prosent av grunnbeløpet ved endringer i folketrygdlova § 3–2 fjerde og femte leddet, sjå Innst. O. nr. 89 (2002–2003). Endringa vart sett i verk 1.mai 2003. Etter dette er grunnpensjonen for kvar ektemake auka til 82,5 prosent frå 1. mai 2004, sjå Ot. prp. nr. 10 (2003–2004) og Innst. O. nr. 28 (2003–2004). Som ein konsekvens har det

óg vore naudsynt å endre reglane om storleiken på minstepensjonen for ektepar i folketrygdlova § 3–4 tredje leddet. For ektepar har minstepensjonen auka med 15 prosent av grunnbeløpet, slik at minstepensjonen for ektepar nå er på 165 prosent av grunnbeløpet pluss to gonger særtillegget etter ordinær sats.

Som ei ytterlegare oppfølging av avtalen frå hausten 2002 foreslår departementet at folketrygdlova § 3–2 fjerde og femte leddet blir endra, slik at grunnpensjonen for gifte og sambuande pensjonistar vert sett opp frå 82,5 prosent av grunnbeløpet til 85 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2005. Samstundes vert folketrygdlova § 3–4 tredje leddet justert slik at det går fram at minstepensjonen for ektepar etter endringa vil utgjere til saman 170 prosent av grunnbeløpet pluss to gonger særtillegget etter ordinær sats.

Ektepar og dei sambuande para som er omfatta av reglane vil frå 1. mai 2005 få auka den samla pensjonen med fem prosent av grunnbeløpet, dvs. med 2 939 kroner per år med grunnbeløpet i dag.

Etter lov om statstilskot til avtalefesta pensjon § 2 bokstav c skal pensjonen mellom anna bestå av grunnpensjon etter reglane i folketrygdlova. Gifte og sambuande AFP-pensjonistar får dermed automatisk nytte godt av at grunnpensjonen aukar.

2.3.2 Lovteknisk justering for å unngå at beløpsgrensene for inntektsprøving av forsørgingstillegg vert endra

Til alderspensjon og uførepensjon blir det etter folketrygdlova §§ 3–24 og 3–25 gitt forsørgingstillegg (tillegg for forsørgt ektemake og barn) som er inntektsprøvde etter folketrygdlova § 3–26.

Forsørgingstillegga vert reduserte med 50 prosent av inntekt over eit fribeløp, sjå folketrygdlova § 3–26 femte leddet. Fribelet vert bestemt av storleiken på minstepensjonen for ektepar og av kor mange barn paret har. Minstepensjon vil seie grunnpensjon og særtillegg, slik at minstepensjonen og dermed det nemnde fribelet aukar når grunnpensjonen aukar.

Auken av grunnpensjonen for ektemakar skal vere avgrensa til grunnpensjonen, og tek ikkje sikte på å endre inntektsprøvinga av forsørgingstillegg. Det er difor nødvendig å justere fribelet for å unngå ei slik endring. Departementet foreslår at folketrygdlova § 3–26 femte leddet bokstav a vert endra slik at inntektsprøvinga av forsørgingstillegga skal skje med det same fribelet i kroner som i dag. For å oppnå dette, må talet 10 i § 3–26 femte leddet bokstav a byttast ut med talet 5.

Endringa får ikkje økonomiske konsekvensar for pensjonistar med forsørgingstillegg.

Departementet viser til lovforslaget.

2.4 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovendringa vert foreslått å gjelde frå 1. mai 2005. Meirutgiftene for folketrygda er rekna til 522 mill. kroner på årsbasis, og meirutgiftene til avtalefesta pensjon med statstilskot er rekna til 3 mill. kroner. Som følge av at tidspunktet for iverksetjing er 1. mai 2005, vil samla meirutgifter bli 350 mill. kroner i 2005. Endringa har ikkje nemnande administrative konsekvensar.

3 Innføring av eit delansvar for arbeidsgivar i trygdeperioden samtidig som arbeidsgivarperioden vert redusert – folketrygdlova § 8–12 m.fl.

3.1 Innleiing

Etter at Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv vart inngått, har langtidssjukefråværet halde fram å auke. For å gjere det meir lønnsamt for bedriftene å motverke slikt fråvær, foreslår Regjeringa at arbeidsgivaren får eit delansvar for sjukepengar på 10 prosent i heile sjukepengeperioden. Det vert foreslått at arbeidsgivarane får delvis kompensasjon for dette ved å redusere talet dagar i arbeidsgivarperioden frå 16 til 14 kalenderdagar. Det vert foreslått at skjermingsordninga for personar med kroniske sjukdomar vert utvida til å gjelde også delansvaret for arbeidsgivarane i perioden med sjukepengar frå trygda. Vidare vert det foreslått at forsikringsordninga for mindre bedrifter vert utvida til å dekkje delansvaret for arbeidsgivaren, og at forsikringa skal gjelde bedrifter med ei samla lønnsutbetaling opp til 80 gonger grunnbeløpet (i dag 40 gonger grunnbeløpet).

3.2 Bakgrunn

Ved sjukepengereformen i 1978 fikk arbeidsgivarane ansvaret for sjukefråvær på inntil 14 dagar.

På 1980-talet auka sjukefråværet monaleg. Dette førte til at det vart sett ned eit offentlig utval til utgreiing av sjukepengeordninga, sjå nærare NOU 1990: 23 Sjukelønnsordninga. Som ei oppfølgjing av utgreiinga foreslo Syse-regjeringa å redusere dekningsgraden i sjukelønnsordninga frå 100 prosent til 90 prosent og å utvide arbeidsgivarperioden frå 2 til 3 veker. Som følge av dette forslaget inngikk partane i arbeidslivet i 1990 samarbeidsavtalar om å redusere sjukefråværet med 10 prosent i 1991 i høve til 1990. Sjukefråværsavtalane vart seinare forlenga og sjukefråværet vart redusert med 15,5 prosent i perioden 1990–1993 (NHOs fråværsstatistikk).

Hausten 1992 foreslo Regjeringa Brundtland III å utvide arbeidsgivaren sitt ansvar for sjukepengar, jf. Ot.prp.nr. 9 (1992–93), ved å utvide arbeidsgivarperioden frå to til fire veker og ved at arbeidsgivaren skulle ha eit medfinansieringsansvar med 20 prosent frå og med 13. fråværsveka. Det vart fore-

slått at merutgiftene for arbeidsgivaren delvis skulle bli kompensert ved å redusere arbeidsgivaravgifta med 0,7 prosent. Fleirtalet i Stortinget avviste forslaget, sjå Innst. O. nr. 40 (1992–93).

Etter 1994 har det vore ein sterk og kontinuerlig vekst i sjukefråværet. Dette var bakgrunnen til at ulike regjeringar fleire gonger foreslo å utvide arbeidsgiverperioden til 3 veker uten å få tilslutning frå Stortinget, sjå Ot.prp. nr. 4 (1996–97) (Regjeringa Brundtland III), Ot.prp. nr. 73 (1997–98), Ot.prp. nr. 4 (1998–99) og Ot.prp. nr. 53 (1999–2000) (Regjeringa Bondevik I).

Frå 1. april 1998 vart arbeidsgivarperioden utvida frå 14 til 16 kalenderdagar, sjå Ot.prp.nr. 24 (1997–98), Innst.O.nr. 7 (1997–98).

På grunn av den sterke og urovekkande auken i sjukefråværet og tilgangen på nye uførepensjonistar vart Sandman-utvalet sett ned våren 1999, jf. NOU 2000: 27. Utvalet meinte det var behov for nye grep og iverksetjing av ei samla tiltakspakke. For å gi arbeidsgivarane eit sterkare økonomisk incitament til å iverksetje tiltak for å redusere sjukefråværet, gikk utvalet inn for ein modell der arbeidsgivarar får eit medfinansieringsansvar for sjukepengane også utover arbeidsgivarperioden. Utvalet foreslo at arbeidsgivarar får eit medfinansieringsansvar på 20 prosent av sjukepengeutbetalingane frå folketrygden frå og med 17. dagen og ut heile sjukepengeperioden. Utvalets fleirtal meinte at arbeidstakarane òg måtte bidra med ein eigenandel og foreslo difor ein reduksjon av kompensasjonsgraden for sjukepengar i arbeidsgivarperioden til 80 prosent. Samtidig foreslo utvalet at arbeidstakarane skulle få kompensasjon gjennom lågare folketrygdpremie for eit tilsvarende beløp som dei gir frå seg gjennom 20 prosent eigenandel.

Med unntak av endringane i sjukelønnsordninga vart forslaga frå Sandman-utvalet i store trekk gjennomførte. I staden for endringane i sjukelønnsordninga inngikk hovedorganisasjonane i arbeidslivet og Regjeringa Stoltenberg 3. oktober 2001 Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. Regjeringa Bondevik II videreførte avtalen, som er inngått for ein fireårsperiode fram til 31. desember 2005. Avtalen vart fornya 3. desember 2003 etter at ein fekk ei midtveis evaluering hausten 2003.

IA-avtalen skal bidra til eit meir inkluderande arbeidsliv til beste for den enkelte arbeidstakaren, for arbeidsplassane og for samfunnet. Avtalen har som mål å redusere sjukefråværet, å få tilsett langt fleire arbeidstakarar med redusert funksjonsevne og å auke den reelle pensjoneringsalderen.

Eit av delmåla i avtalen (delmål 1) er eit operativt mål om å redusere sjukefråværet med minst 20 prosent for heile avtaleperioden i høve til nivået for sjukefråvær i 2. kvartal 2001 etter den nye statistikken til Rikstrygdeverket og Statistisk Sentralbyrå.

3.3 Gjeldande rett

Frå 1. april 1998 vert det som hovudregel gitt sjukepengar frå trygda frå den 17. sjukedagen og deretter i ein periode på inntil 248 dagar, sjå folketrygdlova § 8–12. Arbeidstakarar har rett til sjukepengar frå arbeidsgivaren i dei første 16 dagane. Dette tidsrommet vert kalla arbeidsgivarperioden, sjå § 8–19. Arbeidsgivaransvaret for sjukepengar i dei første to vekene vart innført i 1978. Kompensasjonsnivået for sjukepengar vart samtidig heva til 100 prosent og de tre karensdagane for sjukepengar frå folketrygda vart fjerna.

I staden for sjukepengar kan ein gi reisetilskot frå trygda for å dekkje ekstra transportutgifter til og frå arbeidsstaden. På bakgrunn av arbeidsgivarperioden og ventetida for rett til sjukepengar for sjølvstendig næringsdrivande mv., vert det gitt reisetilskot til arbeidstakarar først frå den 17. dagen, sjå § 8–14.

For arbeidstakarar som har ein langvarig eller kronisk sjukdom som medfører risiko for eit særleg stort samla sjukefråvær, kan det etter vedtak av trygdekontoret bli gjort unntak frå reglane om arbeidsgivaransvar, sjå § 8–20. Det samme gjeld for arbeidstakarar med ein sjukdom som medfører risiko for gjentekne sjukefråvær i ein avgrensa periode. Som særleg stort fråvær vert rekna ca. 35 dagar i året. Når sjukefråværet berre ligg innanfor arbeidsgivarperioden, vert 25 dagar fordelt på minst fem tilfelle av fråvær rekna som særleg stort. Arbeidsgivaren skal i desse tilfella forskottere sjukepengane i eit tidsrom tilsvarande arbeidsgivarperioden, og kan krevje sjukepengane refunderte frå trygdekontoret. Arbeidstakaren eller arbeidsgivaren kan óg søkje om at trygda dekkjer sjukepengane i arbeidsgivarperioden når det er tale om sjukdom som er relatert til svangerskap, og tilrettelegging av arbeidet eller omplassering ikkje er mogleg.

Arbeidsgivarar som har få tilsette, kan mot ei særskilt avgift delvis forsikre seg mot ansvaret for

sjukepengar i arbeidsgivarperioden, sjå § 8–21. For å kome inn under forsikringsordninga må arbeidsgivaren sine samla lønnsutgifter i kalenderåret før forsikringsåret ikkje overstige 40 gonger grunnbeløpet (G), 2 351 120 kroner per 1. mai 2004. Forsikringsåret går frå 1. juli til 30. juni og beløpet vert regulert per 1. juli kvart år. Premien er i dag på 1,9 prosent av lønnsutgiftene. Forsikringa dekkjer 100 prosent av utgiftene til sjukepengar med feriepengar og arbeidsgivaravgift av sjukepengane ved fråvær utover tre kalenderdagar i kvart einskild sjukdomstilfelle.

Både i arbeidsgivarperioden og sjukepengeperioden frå trygda vert sjukepengar gitt med 100 prosent av inntektsgrunnlaget. Det vert ikkje gitt sjukepengar frå folketrygda dersom inntekta per år utgjer mindre enn 50 prosent av grunnbeløpet i folketrygda, sjå § 8–3. Det vert heller ikkje gitt sjukepengar frå folketrygda for inntekt utover seks gonger grunnbeløpet. Det gjeld inga minimumsinntekt i arbeidsgivarperioden.

Ifølgje ferielova skal den som utbetaler sjukepengar også utbetale feriepengar av ytinga. Som følgje av dette utbetaler trygda feriepengar av sjukepengar i inntil 48 dagar kvart oppteningsår.

3.4 Departementet si vurdering og forslag

3.4.1 Generelt

Sjukefråværet har auka monaleg dei siste ti åra. Aukning i det trygdefinansierte sjukefråværet i denne perioden aleine tilsvarar ein reduksjon på om lag 50 000 årsverk. Desse årsverka kunne og burde ha vore brukte i arbeidslivet, til beste for den einskilde og for samfunnet.

Personar som er langvarig sjuke, mistar lett fotfestet i arbeidslivet. Av dei som går sjukepengeperioden (eitt år) ut, går nærare 20 prosent direkte over til uførepensjon. Mange av dei som går over til rehabilitering og attføring etter endt sjukepengeperiode, vert seinare uføretrygda. Undersøkingar viser at berre i underkant av halvparten av personane som var sjukmeldte i meir enn 6 månader, var i jobb tre år etter.

For å motverke langtidssjukefråværet er det frå 1. juli 2004 innført nye sjukmeldingsreglar, sjå Ot.prp. nr. 48 (2003–2004), jf. Innst. nr. O. 81 (2003–2004). Desse reglane stiller større krav til aktivitet både frå lege, arbeidstakar og arbeidsgivar. Så tidleg som mogleg i ein sjukmeldingsperiode, og seinast innan 8 veker, skal arbeidstakaren prøve seg i

arbeidsretta aktivitetar for å motverke unødvendig lange sjukefråvær.

Det er framleis mange bedrifter som ikkje ynskjer å inngå ein IA-avtale og gjennom dette påta seg dei pliktene som ligg i avtalen til å arbeide systematisk for å motverke sjukefråvær og inkludere personar med nedsett funksjonsevne. Mykje kan tyde på at ein del av bedriftene som har inngått samarbeidsavtale med trygdeetaten ikkje følgjer opp intensjonane i IA-avtalen godt nok.

Regjeringa meiner at arbeidet med å redusere langtidssjukefråværet må intensiverast, og viser i den samanhengen til St.prp. nr. 1 (2004–2005). Det må bli meir lønnsamt for bedriftene å motverke slike fråvær. I den gjeldande ordninga ligg det ingen direkte økonomiske grunnar til å motverke fråvær utover arbeidsgivarperioden.

Departementet foreslår difor at arbeidsgivarane får eit delansvar for sjukepengar etter utløpet av arbeidsgivarperioden på 10 prosent, og at arbeidsgivarane delvis får kompensasjon for dette ved at arbeidsgivarperioden vert redusert frå 16 til 14 kalenderdagar.

Regjeringa legg vekt på å videreføre det gode samarbeidet med partane i arbeidslivet om gjennomføringa av IA-avtalen. Erklæringa frå partane av 3. desember 2003 er eit viktig instrument i arbeidet med felles mål om å redusere sjukefråværet, tilsette fleire med nedsett funksjonsevne og auke den reelle pensjoneringsalderen. Regjeringa vil difor halde fram med samarbeidet med partane, men innanfor dei nye rammene som forslaget om endringar i sjukelønnsordninga inneber. Forslaget om å innføre eit delansvar for arbeidsgivarane i trygdeperioden støtter opp under IA-avtalen og erklæringa av 3. desember 2003 om å auke ansvarleggjeringa av arbeidsgivarane for å motverke sjukefråvær, og leggje tilhøva til rette for tidlegare tilbakevending til arbeid for sjukmeldte.

3.4.2 Innføring av eit delansvar for arbeidsgivar med 10 prosent i heile sjukepengeperioden

Etter gjeldande rett er arbeidsgivarane sitt ansvar for sjukepengar avgrensa til utgifter til sjukepengar i arbeidsgivarperioden. Innføringa av eit delansvar inneber at arbeidsgivarane i tillegg må dekkje ein prosentvis del av sjukepengane til arbeidstakarane i heile perioden som folketrygda i dag finansierer fullt ut.

Sandman-utvalet foreslo i NOU 2000: 27 eit økonomisk medfinansieringsansvar for arbeidsgivarane i heile sjukepengeperioden på 20 prosent. Utvalet grunngrir forslaget med at dette vil vere eit øko-

nomisk incitament for arbeidsgivarar til å iverksetje tiltak i verksemdene som kan motverke sjukdom og tiltak for å få langtidssjukmeldte attende i arbeid. Arbeidsgivaren vil få større interesse i å følgje tettare opp sjukmeldte arbeidstakarar etter utløpet av arbeidsgivarperioden óg. Arbeidstakarane vil få ei sterkare tilknytning til arbeidsplassen også når dei er sjukmeldte. Arbeidsgivarane vil óg ha større sjansar til å fange opp tilfelle som står i fare for å falle ut av arbeid for godt. Fleirtalet i utvalet foreslo samtidig å innføre ein eigenrisiko for arbeidstakarane ved å redusere dekningsnivået i arbeidsgivarperioden til 80 prosent. Arbeidstakarane skulle få kompensasjon for dette i form av redusert trygdeavgift.

I staden for å følgje opp forslaga frå Sandman-utvalet om endringar i sjukelønnsordninga, har Regjeringa og partane i arbeidslivet inngått Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. Tiltaka i Intensjonsavtalen byggjer i stor grad på at arbeidsgivaren frivillig tar på seg ei plikt til å arbeide systematisk for å motverke sjukefråvær og hindre utstøying frå arbeidslivet. Frå 30. april 2003 er arbeidsgivaren si plikt til å utarbeide oppfølgjingsplanar seinast etter 8 veker teken inn i arbeidsmiljølova § 13, samtidig som arbeidsgivaren si plikt til systematisk sjukefråværsarbeid vart presisert i lova, jf. Ot.prp. nr. 18 (2002–2003). Regjeringa har følgd opp IA-erklæringa av 3. desember 2003 om videreføring av avtalen med endringar i reglane i folketrygdlova om sjukmelding, jf. Ot.prp. nr. 48 (2003–2004).

Regjeringa meiner at det i tillegg til dei nemnde lovendringane er nødvendig med økonomiske incitament. Eit delansvar i heile sjukepengeperioden vil gi arbeidsgivarar som arbeider systematisk for å motverke og redusere dei lange sjukefråværa ein økonomisk gevinst. Forslaget vil støtte opp under dei nye sjukmeldingsreglane, og styrke dialogen mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om nødvendige tilretteleggjings tiltak.

På denne bakgrunnen vert det foreslått at ein innfører eit delansvar for arbeidsgivarane etter utløpet av arbeidsgivarperioden med 10 prosent i heile sjukepengeperioden.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova §§ 8–17 og 8–18.

3.4.3 Reduksjon av arbeidsgivarperioden frå 16 kalenderdagar til 14 kalenderdagar

Som ein delvis kompensasjon for meirutgiftene for arbeidsgivarane i samband med innføringa av eit delansvar for sjukepengar i heile sjukepengeperioden, vert det foreslått at arbeidsgivarperioden redu-

serast med to kalenderdagar til 14 dagar. Arbeidsgivarperioden vil dermed bli den same som ved innføringa i 1978.

Etter gjeldande reglar må arbeidstakaren ha vore i arbeid i minst 16 kalenderdagar etter eit sjukefråvær før ein ny arbeidsgivarperiode kan ta til. Vidare vert eit nytt sjukefråvær som oppstår innan 16 dagar rekna saman med det tidlegare sjukefråværet når arbeidsgivarperioden skal fastleggjast. Departementet foreslår at tilbakefallsreglane vert tilpassa den nye arbeidsgivarperioden.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova § 8–19.

3.4.4 Særreglar for arbeidstakarar med langvarig eller kronisk sjukdom

Ei innføring av eit delansvar for arbeidsgivarane i heile sjukepengeperioden kan medføre at dei vert meir skeptiske til å tilsetje personar med kroniske sjukdomar.

Departementet foreslår difor at den gjeldande skjermingsordninga for langvarig og kronisk sjuke arbeidstakarar som har risiko for særleg stort sjukefråvær, vert utvida til å gjelde også for delansvaret for sjukepengar.

Departementet meiner at ei slik utviding av skjermingsordninga vil bidra til å unngå eventuelle negative følgjer av medfinansieringsansvaret for arbeidsgivaren.

Frå 1. april 2002 vart folketrygdlova § 8–20 utvida til å omfatte sjukefråvær på grunn av sjukdom relatert til svangerskap. Departementet meiner at eit delansvar for arbeidsgivarane i perioden med sjukepengar frå folketrygda ikkje bør omfatte tilfella der arbeidsgivaren får refusjon for sjukepengane i arbeidsgivarperioden.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova § 8–20.

3.4.5 Forsikring mot ansvar for sjukepengar i arbeidsgivarperioden

Mindre bedrifter med ei samla lønnsutbetaling på inntil 40 gonger grunnbeløpet, dvs. vel 2,3 mill. kroner, kan forsikre seg mot ansvar for sjukepengar i arbeidsgivarperioden ved fråvær utover tre kalenderdagar. Forsikringsordninga skal vere sjølvfinansierende.

Innføringa av eit delansvar for arbeidsgivarane for sjukepengar etter utløpet av arbeidsgivarperioden vil kunne medføre ein auka risiko for verksemdar med få tilsette. Departementet ynskjer å motverke uheldige utslag av forslaget.

Det vert difor foreslått at forsikringsordninga óg skal dekkje delansvaret til arbeidsgivarane for sjukepengar utover arbeidsgivarperioden. Vidare vert det

foreslått at ordninga vert utvida til å omfatte bedrifter med lønnsutgifter opp til 80 gonger grunnbeløpet.

Ein bør unngå at ein arbeidsgivar som har forsikra seg mot det nye delansvaret, må utbetale 10 prosent av sjukepengane etter arbeidsgivarperioden og seinare få refusjon frå trygda. Det vert difor foreslått at trygdekontoret skal betale denne delen av sjukepengane direkte til arbeidstakaren.

Forsikringsordninga er sjølvfinansierende, og forslaget til endringer i arbeidsgivaransvaret for sjukepengar må difor bli finansiert ved ein premieauke. Premiesatsen, som i dag er 1,9 prosent av lønnsutgiftene, vert foreslått heva til 2,3 prosent.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova § 8–21.

3.4.6 Feriepengar av sjukepengar

Ifølgje ferielova skal ein óg rekne feriepengar av sjukepengar utbetalt av arbeidsgivaren i ein eller fleire arbeidsgivarperiodar. Trygda utbetaler feriepengar av sjukepengar utbetalt av folketrygda i inntil 48 dagar kvart oppteningsår. Sjå ferielova § 10 og folketrygdlova § 8–33.

Ved reduksjonen av arbeidsgivarperioden frå 16 til 14 dagar/2 veker må talet dagar som trygda skal betale feriepengar av sjukepengar auke med 2 dagar til 50 dagar. Då folketrygda etter forslaga her berre skal betale sjukepengar med 90 prosent av sjukepengegrunnlaget, vil arbeidstakarane få feriepengar rekna av eit lågare grunnlag enn etter den gjeldande ordninga.

Det vert difor foreslått at arbeidsgivaren óg skal yte feriepengar av den delen av sjukepengane som arbeidsgivaren utbetaler (10 prosent) opp til 50 dagar etter utløpet av eventuelle arbeidsgivarperiodar kvart oppteningsår.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova § 8–33 og ferielova § 10 nr. 4.

3.4.7 Reisetilskot

Reisetilskot vert no gitt tidlegast frå og med den 17. dagen, dvs. etter utløpet av arbeidsgivarperioden. Forslaget om reduksjon av arbeidsgivarperioden til 14 dagar fører til at perioden som ein ikkje kan få reisetilskot i reduserast tilsvarende.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova § 8–14.

3.4.8 Reduksjon i ventetida for rett til sjukepengar for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar

I den obligatoriske ordninga får sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar etter gjeldande rett ikkje sjukepengar for dei første 16 kalenderdagane

(ventetid). Ventetida er grunna i at desse gruppene vert rekna for å vere sin eigen arbeidsgivar. Departementet foreslår at ventetida for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar vert redusert til 14 kalenderdagar, tilsvarende arbeidsgivarperioden.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova §§ 8–34, 8–36, 8–38 og 8–39.

3.4.9 Nærare om fastsetjing av sjukepengeperioden

Til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar vert det i dag gitt sjukepengar frå folketrygda i til saman 248 dagar i dei siste tre åra. Når arbeidsgivarperioden og ventetida for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar vert foreslått redusert frå 16 til 14 kalenderdagar, må maksimaltida for sjukepengar frå trygda bli auka tilsvarende til 250 dagar, eller 50 veker.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova § 8–12 første leddet.

3.4.10 Sjukepengar ved yrkesskade

Ved yrkesskade vert det gitt sjukepengar frå trygda utan omsyn til reglane om opptening av ein ny stønadperiode.

Det vert foreslått at maksimal periode med sjukepengar frå trygda vert utvida i samsvar med reduksjonen i arbeidsgivarperioden.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova 8–55 bokstav f.

3.5 Rehabiliteringspengar etter utløpet av sjukepengeperioden – folketrygdlova § 10–8

Folketrygdlova § 10–8 regulerer vilkåra for rett til rehabiliteringspengar. Rett til rehabiliteringspengar får ein etter utløpet av sjukepengeperioden.

Som følge av forslaget om å redusere arbeidsgivarperioden og ventetida for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar og auken av talet dagar med sjukepengar frå trygda, vert talet sjukepengedagar for dei to nemnde gruppene endra frå 248 til 250.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova § 10–8.

3.6 Ikrafttsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Reduksjonen av arbeidsgivarperioden frå 16 til 14 kalenderdagar og innføringa av eit delansvar for arbeidsgivarar på 10 prosent av sjukepengane i heile sjukepengeperioden vert foreslått gjennomført frå 1. april 2005. Endringane skal gjelde for nye tilfelle.

Den samla provenyeffekten av forslaga går fram av St.prp. nr. 1 (2004–2005).

Ein reduksjon av arbeidsgivarperioden vil føre med seg ei viss administrativ meirbelastning for trygdeetaten. Innføringa av eit delansvar for arbeidsgivarane vil ikkje innebere administrative konsekvensar for trygdeetaten, medan arbeidsgivarar som ikkje utbetaler lønn under sjukdom vil få eit visst meirarbeid.

4 Skjerping av kravet om tenleg attføring og kravet om dokumentasjon av funksjonsevna i uføresaker

4.1 Innleiing

For å sikre at tenleg attføring vert prøvd før det blir gitt tidsavgrensa uførestønad eller uførepensjon, gjer departementet framlegg om å skjerpe kravet i lova om attføring. Det vert òg foreslått å ta inn i lova eit krav om at ein skal ha ei funksjonsvurdering i alle uføresaker.

4.2 Gjeldande rett

4.2.1 Kravet om attføring

Det er eit vilkår for å få tidsavgrensa uførestønad eller uførepensjon at han eller ho har gjennomgått tenleg behandling og attføring for å betre inntektsevna eller arbeidsevna. Når ein skal avgjere om behandlings- eller attføringstiltak er tenlege, vert det lagt vekt på alder, evner, utdanning, yrkesbakgrunn og utsiktene til å få arbeid. Det skal også leggjast vekt på om han eller ho kan få arbeid ved å pendle eller flytte. Sjå folketrygdlova § 12–5 første og andre leddet. Etter § 12–5 tredje leddet kan ein person som er under 35 år og som har rusmiddelproblem eller psykososiale problem berre få uførepensjon eller uførestønad dersom han eller ho har gjennomført eller har freista å gjennomføre et individuelt og tenleg attføringsopplegg utan at inntektsevna vart betra. Dette gjeld likevel ikkje når ei basisgruppe eller ei anna tverrfagleg samarbeidsgruppe finn at attføring openbert ikkje kan føre fram.

Det har gjennom åra variert kor strengt kravet til attføring har vore praktisert. På slutten av 1990-åra ser det ut til at attføring har vore freista for ein minkande del av dei nye uførepensjonistane, samtidig som talet på nye uførepensjonistar har auka monaleg. Dette var grunnen til at det i revidert budsjett for 2000 (St.prp.nr. 61 (1999–2000)) vart foreslått å innskjerpe kravet om attføring som vilkår for uførepensjon frå folketrygda.

Denne innskjerpinga vart gjennomført ved administrative retningslinjer, og vart òg omtalt i St.prp.nr.1 (2000–2001) Folketrygda. Det vert nå kravd at attføring skal vere freista for personar under 35 år eller under 45 år når han eller ho har muskel- og skjelettplager eller lettare psykiske lidingar,

med mindre det er openbert at attføring ikkje er tenleg.

4.2.2 Kravet om dokumentasjon av funksjonsevna

Når ein person set fram krav om uførepensjon eller uførestønad, er det trygdekontoret på bustaden som greier ut saka og innhentar all dokumentasjon som er nødvendig for å kunne vurdere kravet. I alle saker skal det vere ei erklæring frå lege på ein blankett som er felles for alle sjukdomsrelaterte ytingar. I denne erklæringa skal legen mellom anna gi ei medisinsk grunnlagt vurdering av funksjons- og arbeidsevna.

For å kunne vurdere om vilkåret om tenleg attføring er oppfylt, er det nødvendig å innhente opplysningar frå arbeidsgivaren om ein har freista bedriftsintern attføring/tilrettelegging og /eller opplysningar frå Aetat om ein har freista tenleg attføring til anna arbeid og om ytterlegare attføring bør prøvast.

I dag går det berre fram av administrative retningslinjer korleis vurderinga av funksjonsevna skal dokumenterast.

4.3 Departementet si vurdering og forslag

4.3.1 Skjerpa krav til attføring

I dei seinare åra har ein aukande del av uførepensjonssakene blitt avslått av di tenleg attføring ikkje er gjennomført. Dessutan er det ein auke i talet på avslag som er anka til Trygderetten. I 2002 vart 26 pst. av dei uførepensjonsvedtaka som vart anka, omgjorte til gunst for den ankande parten. I nokre rettsavgjerder vert det framheva at det ikkje går fram av lov eller forskrift at kravet om attføring skal praktiserast strengare i høve til muskel- og skjelettplager og lettare psykiske lidingar enn elles. Det vert òg vist til at den einaste persongruppa som skal få spesiell behandling er personar under 35 år med rusmiddelproblem eller psykososiale problem.

Også talet på saker til lagmannsretten etter at Trygderetten har stadfesta avslaget i trygdeetaten

har auka. Lagmannsretten har i nokre saker oppheva avgjerder i Trygderetten som var grunngitte med at vilkåret om attføring ikkje er oppfylt. Det ser såleis ut til at lagmannsretten i nokre høve legg til grunn ein meir liberal praksis enn det trygdeattaen og Trygderetten gjer.

Arbeidslivet skal ha plass til alle som kan og vil arbeide. Regjeringa ynskjer at personar med nedsett funksjonsevne i størst mogleg grad skal kunne halde fram med eller komme i arbeid, og nytte sine evner til beste for seg sjølv og samfunnet. Alle som på grunn av sjukdom har behov for hjelp til å komme attende i arbeid eller få innpass i arbeidslivet har både rett og plikt til å prøve å gjennomføre tenlege attføringstiltak.

Departementet meiner at det bør skje ei generell skjerping av kravet om at ein skal freiste attføring før ei uføreyting vert gitt, ikkje berre i høve til spesielle diagnose- eller aldersgrupper. Attføring skal prøvast i alle saker, *med mindre det er openbert at det ikkje er tenleg*.

Dette inneber at fleire vil kunne bli viste til Aetat med sikte på yrkesretta attføring.

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 12–5.

4.3.2 Lovfesting av kravet om dokumentasjon av funksjonsevna

Rikstrygdeverket har gjennomført to dokumentundersøkingar av uførepensjonssaker, ei i 1999 og ei oppfølgingsundersøking i 2002, for å vurdere kvaliteten på saksbehandlinga. Sjølv om dei medisinske opplysningane var meir fullstendige i 2002, var det

framleis manglar med omsyn til opplysningar knytta til vurdering av funksjons- og arbeidsevne.

For å gjere det klårt at det skal skje ei grundig og systematisk funksjonsvurdering før uføreytingar vert gitt, *foreslår departementet at det vert presisert i lova at det skal vere dokumentert i saka at funksjonsevna har vore vurdert*.

I dei tilfella då søkjaren har prøvd yrkesretta attføring, vil ei vurdering av arbeidsevna og utprøving i regi av Aetat vere likestilt med ei funksjonsvurdering.

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 12–5.

4.4 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovendringa vert foreslått å tre i kraft 1. januar 2005. Endringa kan føre til at fleire får eit tilbod om attføring og at det dermed vert færre nye mottakarar av uføreytingar. Det er likevel ikkje mogleg å rekne på effekten av dette. Forslaget vil ikkje få særlege administrative konsekvensar for trygdeattaen. Endringa kan få administrative og økonomiske konsekvensar for Aetat pga. fleire saker som skal vurderast, og eventuelt fleire personar som skal få tilbod om tiltak. I tillegg vil resultatet av at ei vurdering av arbeidsevna i Aetat vert likestilt med andre funksjonsvurderingar, vere eit skjerpa dokumentasjonskrav til Aetats arbeidsevnevurderingar.

Dei administrative og økonomiske verknadene av dette vil bli vurdert i dei årlege budsjetttrundane.

5 Endring av omgrepet «foreløpig uførestønad»

Etter folketrygdlova § 12–16 kan ein person som har sett fram krav om uførepensjon, få førebels uførestønad før det er gjort vedtak om uførepensjonen dersom det er sannsynlig at pensjon blir gitt. Støna-den blir gradert og rekna ut på same måten som uførepensjon. Det blir likevel ikkje gitt særtillegg.

Etter at tidsavgrensa uførestønad vart innført, er det lett for brukarane å blande saman desse omgrepa. Ettersom førebels uførestønad vert gitt til personar som det er sannsynleg vil få uførepensjon, er ytinga i realiteten ein førebels uførepensjon. Departementet foreslår derfor å endre terminologien slik at omgrepet «foreløpig uførestønad» vert endra til «foreløpig uførepensjon».

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 3–2 fjerde leddet bokstav a, § 3–24 tredje leddet bokstav c, § 3–26 tredje leddet bokstav a, § 8–50 første og andre leddet, § 10–13 første leddet bokstav a, § 11–15 første leddet bokstav a, ellefte strekpunktet i innhaldslista til kapittel 12, § 12–14 første leddet bokstav a, § 12–16 overskrifta og første til

tredje leddet, § 15–14, § 16–10 første leddet bokstav b, § 17–11 første leddet bokstav b, § 18–7 andre leddet, § 19–8 første leddet bokstav a, § 22–10 tredje leddet bokstav b, § 22–12 andre leddet, lov om krigspensjonering for militærpersonar § 18 nr. 1 tredje og sjette leddet, lova om krigspensjonering for heimstyrkepersonell og sivilpersonar § 23 nr. 1 tredje og sjette leddet, lova om pensjonstrygd for sjømenn § 4 nr. 3, § 5 nr. 2, § 16 nr. 1 bokstav e, § 28 nr. 2, § 29 nr. 2, lova om pensjonstrygd for skogsarbeidarar § 13 fjerde leddet, lova om pensjonstrygd for fiskarar § 8 andre leddet, lova om samordning av pensjons- og trygdeytingar § 19 andre leddet, § 20 tredje leddet, § 21 tredje leddet, lova om yrkesskadetrygd § 11 nr. 4, § 12 nr. 3, § 19 nr. 1, lova om statstilskot til ordningar for avtalefesta pensjon § 2 bokstav f og skattelova § 6–81 nr. 2 og nr. 3.

Lovendringa vert foreslått å tre i kraft 1. januar 2005 og har ingen økonomiske eller administrative konsekvensar.

6 Stønad til barnetilsyn når ein einsleg forsørgjar tek utdanning eller arbeider heime – folketrygdlova § 15–11 første leddet bokstav a

6.1 Innleiing

For å gjere det mogleg for fleire einslege forsørgjarar å bli betre kvalifiserte til arbeidslivet, foreslår regjeringa at stønad til barnetilsyn óg skal kunne ystast til einslege forsørgjarar som er under utdanning i heimen eller har lønna arbeid der. Tiltaket inngår i oppfølginga av Regjeringa sin tiltaksplan mot fattigdom.

6.2 Bakgrunn. Gjeldande rett

Hovudvilkåra for stønad til barnetilsyn er å finne i § 15–11 første leddet bokstav a og b. For det første er det eit krav at den einslege forsørgjaren på grunn av arbeid eller utdanning må overlate nødvendig tilsyn med barnet til andre, og at dette tilsynet er betalt. Tilsynet kan skje ved barnehage, skolefritidsordning, familiebarnehage eller dagmamma. Vidare er det eit vilkår etter § 15–11 fjerde leddet at utgiftene er dokumenterte.

Det er normalt barn som ikkje har fullført det fjerde skoleåret som har behov for tilsyn. I visse tilfeller kan ein få stønad for tilsyn med barn etter utløpet av det fjerde skoleåret, sjå § 15–11 tredje leddet. All ordinær utdanning gir rett til stønad til barnetilsyn, men ikkje hobbykurs. Arbeid som gir rett til stønad til barnetilsyn må vere arbeid som gir inntekter. Utdanninga eller arbeidet må dokumenterast.

Tilsynsbehovet må som nemnd grunne seg på arbeid eller utdanning utanfor heimen, jf. § 15–11 første leddet bokstav a. Ordlyden i lova fører til at stønad til barnetilsyn ikkje vert gitt dersom arbeidet eller utdanninga blir gjennomført i heimen. Dette gjeld óg når barnet har ei tilsynsordning utanfor heimen.

Det er likevel gjort unntak når det er innreidd eigne lokal på grunn av arbeid i heimen. Eit eksempel på dette er at søkjaren er frisør og har innreidd eit rom til frisørsalong i underetasjen i bustaden. Eit anna eksempel er ein gardbrukar som har barnet i barnehage. Arbeid på eige gardsbruk er likestilt med arbeid utanfor heimen.

6.3 Departementet sitt forslag

Inntektsgivande arbeid og utdanning kan i dag i stor mon skje i heimen. For eksempel gjeld det kompetanssegivande korrespondanseskolar, kurs og liknande. Det er óg ein aukande bruk av heimekontor. Utdanning og arbeid i heimen kan gjere det lettare å kombinere yrkesretta aktivitetar med aleineomsorg for små barn.

Målgruppa er einslege forsørgjarar som har behov for å arbeide eller studere i heimen når barnet er i barnehage. I dag er det eit vilkår for stønad til barnetilsyn at studium og arbeid skjer utanfor heimen, sjå folketrygdlova § 15–11 første leddet bokstav a. Behovet for ei meir fleksibel ordning med stønad til barnetilsyn har auka i takt med at den teknologiske utviklinga som til dømes pc og internett, har gjort det lettare å studere og arbeide heime. Departementet meiner difor at tida er inne til å tilpasse reglane til de einslige forsørgjarane som ynskjer å arbeide eller studere heime.

Kravet om at utdanninga eller arbeidet må skje utanfor heimen vart utforma i ei tid då det var uvanleg å arbeide eller studere heime. Med moderne teknologi er det blitt meir vanleg og tenleg å studere eller arbeide heime. I mange tilfelle vil kombinasjonen omsorg og arbeid/ utdanning kunne vere enklare dersom forsørgjaren kan studere eller arbeide heime i nærleiken av barnehagen e.l.

Departementet foreslår etter dette at ein tar bort vilkåret i folketrygdlova § 15–11 første leddet bokstav a om at arbeid eller utdanning skal skje utanfor heimen.

Ein viser til lovforslaget, folketrygdlova § 15–11 første leddet bokstav a.

6.4 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovendringa vert foreslått å tre i kraft 1. januar 2005. Meirutgiftene for folketrygda er på usikkert grunnlag rekna til 2 mill. kroner i 2005. Det er likevel venta ei viss innsparing i overgangsstønad i åra framover ved at noko fleire einslege forsørgjarar kjem i arbeid eller kan auke arbeidsinntekta si. Enkelte av dei vil truleg óg kunne starte på utdanning tidlegare enn de elles ville ha gjort.

Forslaget har ikkje nemnande administrative konsekvensar, men det vert venta ei viss lette ved

at trygdeetaten ikke lenger må kontrollere at studentstaden eller arbeidsplassen er utanfor heimen.

Del II
Endringar i lønnsgarantilova

7 Maksimal dekning gjennom lønnsgarantiordninga vert redusert frå 3G til 2G

7.1 Innleiing

Lønnsgarantiordninga gir staten plikt til, innanfor fastsette grenser, å dekkje lønn, feriepengar og ein del andre ytingar som arbeidsgivar ikkje er i stand til å betale på grunn av konkurs. Ved utbetaling av lønnsgarantidekning trer staten inn i kravet til arbeidstakaren i konkursbuet. Ordninga har eit sosialt tilsnitt og skal sikre at arbeidstakarane får dekt krava sine sjølv om arbeidsgivaren går konkurs. Staten garanterer i dag for krav opp til tre gonger grunnbeløpet i folketrygda (3G). Dette utgjør kr. 176 334 pr. 1. mai 2004.

Regelverket for lønnsgarantiordninga omfattar lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. (lønnsgarantilova) og forskrift om statsgaranti for lønnskrav, vedteke 28. oktober 1998 nr. 999. Lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshaveres dekningsrett (dekningsloven) kapittel 9 er òg sentral med omsyn til kva for krav som skal dekkjast gjennom lønnsgarantiordninga.

EU-direktiv 80/989/EEC og endringsdirektiv 2002/74/EC (insolvensdirektivet) krev at alle EU/EØS-land har ein garantiinstitusjon som sikrar arbeidstakarane lønn ved konkurs hos arbeidsgivar. Noreg er bunden av direktivet gjennom EØS-avtalen. Det er Direktoratet for arbeidstilsynet som administrerer lønnsgarantiordninga.

Utgiftene til staten i samband med lønnsgarantiordninga har auka kraftig dei seinare åra. Det er difor naudsynt med tiltak som kan avgrense utgiftene. Departementet foreslår difor at grensa for maksimal dekning gjennom lønnsgarantiordninga vert redusert frå 3G til 2G (frå kr. 176 334 til kr. 117 556).

Det er rekna ut at dei foreslåtte endringane vil innebere ein reduksjon av lønnsgarantiutbetalingane på om lag 26 mill. kroner for 2005. Den årlege innsparinga er utrekna til å vere om lag 53 mill. kroner.

7.2 Gjeldande rett

Den statlege lønnsgarantiordninga vart etablert i 1974, og gir staten plikt til, på visse vilkår, å dekkje lønn, feriepengar, og ein del andre ytingar som ik-

kje kan bli dekte på grunn av arbeidsgivaren sin konkurs. Ved utbetaling av garantibeløp trer staten inn i arbeidstakaren sitt krav mot arbeidsgivar eller konkursbuet.

Formålet med lønnsgarantiordninga er å sikre at arbeidstakarane får dekt lønnskrava sine ved konkurs hos arbeidsgivar og sikre at dekning skjer mest mogleg i rett tid.

Garantien omfattar lønn mv. i alle arbeidsforhold der det skal betalast arbeidsgivaravgift til folketrygda. Det er ikkje eit vilkår for å få lønnsgarantidekning at arbeidsgivaravgift faktisk er betalt.

Lønnsgarantilova byggjer på eit system der omfanget av garantiansvaret er avgrensa ved å vise til dekningslova kapittel 9. Dette innber at garantiansvaret berre omfattar lønnskrav mv. så langt krava har førsteprioritet etter reglane der.

I utgangspunktet har alle arbeidstakarar krav på lønnsgarantidekning. Einskilde grupper er likevel unntekne frå dekning: Sjølvstendig næringsdrivande, oppdragstakarar, arbeidstakarar som har vore dagleg leiar, har vore medeigar i verksemda med meir enn 20 prosent eller som har vore styremedlem valt av aksjonærane. Ein arbeidstakar kan òg bli nekta dekning i tilfelle med misbruk. Det er òg avgrensningar av dekninga gjennom lønnsgarantiordninga i høve til tid og kostnader.

Lønnsgarantien omfattar i utgangspunktet krav på forfalle lønn og anna arbeidsvederlag, som til dømes provisjon og overtidsgodtgjering. I tillegg vil arbeidstakarane få dekt krav på lønn i oppseiingstida innanfor fristane i arbeidsmiljølova, eventuelt som følgje av tariffavtale. Vidare dekkjer lønnsgarantien feriepengar for inntil 30 månader og pensjonsytingar for inntil 6 månader. Lønnsgarantien kan òg gi dekning for renter, kostnader ved inndrivning av kravet, samt rimelege omkostningar i samband med krav om konkurs.

Insolvensdirektivet opnar for at det kan bli fastsett grenser for utbetalinga av lønnsgarantiar, noe både Noreg og dei andre nordiske landa har nytta seg av. I Noreg er dette gjort ved å avgrense den maksimale utbetalinga frå ordninga til inntil 3G pr. arbeidstakar.

Lønnsgarantiordninga er basert på at Direktoratet for arbeidstilsynet, på vegne av arbeidstakarane, får søknader om lønnsgarantidekning. Direktoratet står for utbetaling til arbeidstakarane og innfor-

dring av staten sitt regresskrav. Klager på direktoratet sine vedtak i lønnsgarantisaker vert avgjorte av departementet.

7.3 Departementets vurdering og framlegg

Lønnsgarantiordninga vert finansiert ved ei arbeidsgivaravgift som inngår i arbeidsgivaravgifta til folketrygda, og er ein eigen post på statsbudsjettet.

Da lønnsgarantilova vart gitt, rekna ein med eit årleg kapitalbehov på 10–15 mill. kroner (med kronerverdien på den tida), som svara til ei avgift på 0,2 til 0,3 promille av grunnlaget for arbeidsgivaravgifta. Avgiftene til lønnsgarantiordninga kom ikkje klårt fram som ei særavgift, men i følgje motiva til lønnsgarantilova skulle arbeidsgivaravgifta bli justert på bakgrunn av dei røynslene ein fekk ved praktiseringa av ordninga. Dette er likevel ikkje skjedd i praksis. Ordninga har difor i stor grad endra karakter frå ei forskotteringsordning, som den opprinneleg var meint å vere, til ei stønadsordning. I praksis vert utgiftene dekte over statsbudsjettet i staden for gjennom arbeidsgivaravgifta. Tal frå 2003 viser ei utbetaling på 695 mill. kroner, medan staten berre fekk 105 mill. kroner attende i regres-somgangen.

I 1992 vart det vedteke endringar i lønnsgarantiordninga¹, mellom anna med sikte på å avgrense utgiftene for staten. Hovudelementet i lovrevisjonen var at grunnvilkåret for å få lønnsgarantidekning vart endra til at det vart kravd at det var opna konkurs i verksemda til arbeidsgivaren. Til tross for at ordninga vart stramma inn med sikte på å redusere utbetalingane, har staten sine utgifter i samband med lønnsgarantiordninga auka mykje i løpet av dei seinaste åra. Talet på lønnsgarantisaker har gått opp kvart år frå 2000. Talet i 2003 var det høgaste sidan 1993, og samanlikna med 2002 har auken i nye saker vore på 21,4 prosent. Årsaka til dette er mellom anna ein stor auke i konkursane.

Utbetalingane gjennom den statlege lønnsgarantiordninga har, som det går fram, auka stort dei seinare åra. Samstundes får staten relativt lite attende i regressomgangen. Sjølv om tala for 2004 viser ein nedgang samanlikna med året før, finn departe-

mentet det tenleg å foreslå tiltak som kan hjelpe til med å redusere utgiftene ved lønnsgarantiordninga. Departementet foreslår difor å minske maksimal dekning gjennom lønnsgarantiordninga frå 3G til 2G. Dette vert rekna å gi ei årleg innsparing på ca. 53 mill. kroner. Endringa vert gjennomført ved ei endring av lønnsgarantilova § 1, tredje leddet.

7.4 Iverksetjing og overgangsreglar. Administrative og økonomiske konsekvensar

Departementet foreslår at lovendringane får verknad frå 1. januar 2005, og at dei får verknad for alle saker der fristdagen kjem etter dette tidspunktet. Tilsvarande får endringane verknad for insolvente dødsbu der dødsfallet skjer etter iverksetjinga, for forsikringsselskap og bankar der det vert bestemt å setje institusjonen under offentlig administrasjon etter dette tidspunktet, og for insolvente selskap der tvangsavvikling vert bestemt etter iverksetjinga.

Innstrammingsiltaket vil føre til at arbeidstakarane får lågare dekning enn i dag. På den andre sida vil dette først og fremst få noko å seie for arbeidstakarar med høge opptente krav. Den gjennomsnittlege utbetalinga per arbeidstakar låg på om lag 55 000 kroner i 2003. Det er difor relativt få arbeidstakarar som vert ramma av forslaget.

Dei foreslåtte endringane vil likevel redusere staten sine utgifter i samband med lønnsgarantiordninga. Dei økonomiske konsekvensane av framlegget er rekna å gi ei årleg innsparing i utbetalingane på om lag 53 millionar kroner. I 2005 er innsparinga utrekna til å bli om lag 26 mill. kroner, ettersom rutinene for handsaming av sakene medfører at ein ikkje får full effekt av endringane i 2005.

Kor store dei faktiske innsparingane vil bli, er mellom anna avhengig av mengda konkursar i 2004, og kva slag bransjar konkursane relaterer seg til i det enkelte året framover. Det vil også verka inn på innsparingane at arbeidstakarane som ikkje er i arbeid etter konkursopninga som regel har krav på arbeidsløysetrygd. I desse tilfella vil nettoinnsparinga for staten utgjere differansen mellom full dekning over garantien og trygdeutbetalingane.

¹ Jf. Ot.prp. nr. 27 (1991–1992)

Del III
Merknader til dei einskilde paragrafane i
lovforslaget

8 Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget

8.1 Endringer i folketrygdlova

Til §§ 3–2, 3–24, 3–26, 8–50, 10–13, 11–15, innholdslista til kapittel 12, § 12–14 og §12–16 overskrifta og første til tredje leddet, §§ 15–14, 16–10, 17–11, 18–7, 19–8, 22–10 og 22–12

Endringane inneber at omgrepet «foreløpig uførestønad» vert erstatta med omgrepet «foreløpig uførepensjon», sjå punkt 5.

Til § 3–2 fjerde og femte leddet

Paragrafen gjeld grunnpensjonen i folketrygda. Satsen i *fjerde leddet* for full grunnpensjon til ein pensjonist som lever saman med ein ektemake som er pensjonist eller forsørgjer seg sjølv vert sett opp frå 82,5 prosent til 85 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2005. Omgrepet «foreløpig uførestønad» i bokstav a er foreslått erstatta med «foreløpig uførepensjon» alt frå 1. januar 2004, sjå punkt 5.

Endringa får også verknad for sambuande, sjå *femte leddet andre punktum*, der talet 82,5 vert erstatta med talet 85. Endringa gjeld òg for sambuande som er nemnde i folketrygdlova § 1–5.

Ein viser elles til punkt 2.3.1.

Til § 3–4 tredje leddet

Føresegna gjeld minstepensjon til ektepar, som blir sett opp frå 165 til 170 prosent av grunnbeløpet, slik at minstepensjonen for ektepar vert 170 prosent av grunnbeløpet tillagt to gonger særtillegget.

Endringa er ein konsekvens av endringa i § 3–2 fjerde leddet, sjå punkt 2.3.1.

Til § 3–26 femte leddet bokstav a

Føresegna gjeld storleiken på fribeløpet ved inntektsprøving av tillegg for forsørgt ektemake og barn. For å unngå at nivået på fribeløpa vert endra, blir talet 10 erstatta med talet 5, sjå punkt 2.3.2.

Til § 8–12

Regelen gjeld talet sjukepengedagar og vilkåra for ny opptening. Endringane i *første og andre leddet* er

ein konsekvens av at arbeidsgivarperioden og ventetida for sjølvstendige mv. vert endra frå 16 til 14 kalenderdagar. Sjå punkt 3.5.9.

Til § 8–14

Regelen gjeld tilskot til arbeidsreiser. I dag kan ein få tilskot frå den 17. dagen. Endringa i *andre leddet* er ein konsekvens av at arbeidsgivarperioden og ventetida for sjølvstendige mv. vert endra frå 16 til 14 kalenderdagar. Sjå punkt 3.5.7.

Til § 8–17

Regelen gjeld sjukepengar frå trygda. *Første leddet* er nytt og slår fast at dekningsgraden skal vere 90 prosent etter utløpet av arbeidsgivarperioden. Endringa er ein konsekvens av at arbeidsgivaren skal dekkje 10 prosent av sjukepengane.

Ny bokstav e gjeld sjukepengar til kronisk sjuke og gravide når arbeidsgivaren får refundert sjukepengar i arbeidsgivarperioden. I slike høve skal arbeidsgivaren heller ikkje betale noko i resten av sjukmeldingsperioden. Sjå punkt 3.5.2.

Til § 8–18

Regelen gjeld sjukepengar frå arbeidsgivaren. I *det tredje leddet*, som er nytt, vert det innført ein regel om at arbeidsgivaren skal ha eit delansvar for sjukepengar etter at arbeidsgivarperioden er ute. Resten av sjukmeldingsperioden skal arbeidsgivaren dekkje 10 prosent av sjukepengane.

Noverande tredje, fjerde og femte leddet vert *nye fjerde, femte og sjette leddet*. Sjå punkt 3.5.2.

Til § 8–19

Regelen gjeld korleis ein fastsett arbeidsgivarperioden. Endringane i *første, tredje og fjerde leddet* inneber at arbeidsgivarperioden vert redusert frå 16 til 14 kalenderdagar, og tilbakefallsregelen vert tilpassa den nye arbeidsgivarperioden. Sjå punkt 3.5.3.

Til § 8–20

Regelen gjeld risiko for særleg stort sjukefråvær eller svangerskapsrelatert sjukefråvær. Arbeidsgiva-

ren kan i visse høve få refundert sjukepengar i arbeidsgivarperioden. Endringane i *første og andre leddet* inneber at arbeidsgivaren i slike høve vert fri-teken også frå å dekkje 10 prosent av sjukepengane i resten av sjukmeldingsperioden. Sjå punkt 3.5.4.

Til § 8–21

Regelen gjeld forsikring mot ansvar for sjukepen-gar i arbeidsgivarperioden. Endringa i *første leddet* gjer at fleire kan teikne forsikring, då grensa for samla lønsutbetalingar vert auka frå 40 til 80 gon-ger grunnbeløpet. Forsikringa skal òg dekkje del-ansvaret etter utløpet av arbeidsgivarperioden. Ein bør unngå at ein arbeidsgivar som har forsikra seg mot det nye delansvaret, må utbetale 10 prosent av sjukepengane etter arbeidsgivarperioden og seinare få refusjon frå trygda (slik ordninga er for sjuke-pengar i arbeidsgivarperioden). I det *tredje leddet* i paragrafen vert det difor foreslått at trygdekontoret skal betale denne delen av sjukepengane direkte til arbeidstakaren. Sjå punkt 3.5.5.

Til § 8–22

Regelen gjeld ansvaret for trygda når arbeidsgiva-ren ikkje betaler. I dag skal trygda utbetale sjuke-pengane i arbeidsgivarperioden og krevje beløpet tilbake frå arbeidsgivaren. Endringa i *første leddet* inneber at dei same reglane for forskottering og innkrevjing skal gjelde for sjukepengane som ar-beidsgivaren skal ha eit delansvar for utover ar-beidsgivarperioden.

Til § 8–24

Regelen gjeld retten til å nytte eigenmelding. En-dringa i *fjerde leddet* vert gjort for å tilpasse føreseg-na til den nye arbeidsgivarperioden på 14 kalender-dagar.

Til § 8–28

Regelen gjeld sjukepengegrunnlaget i arbeidsgivar-perioden. Endringane i *overskrifta og i første leddet* inneber at det er det same sjukepengegrunnlaget som skal nyttast både i arbeidsgivarperioden og i perioden etterpå når arbeidsgivaren skal dekkje 10 prosent.

Til § 8–33

Regelen gjeld feriepengar. Endringa i *første leddet* er ein konsekvens av at arbeidsgivarperioden vert endra frå 16 til 14 kalenderdagar. Trygda sitt ansvar

for feriepengar vert utvida med to dagar. Sjå punkt 3.5.6.

Til § 8–34

Regelen gjeld sjukepengedekning m.m. til sjølv-stendig næringsdrivande. *Andre leddet* har reglar om ventetid. Endringane inneber at ventetida for rett til sjukepengar frå trygda vert redusert frå 16 til 14 kalenderdagar, tilsvarande reduksjonen av ar-beidsgivarperioden. Sjå punkt 3.5.8.

Til § 8–36

Regelen gjeld forsikring for tillegg til m.a. sjuke-pengar og fødselspengar til sjølvstendig nærings-drivande. Første leddet stiller opp dei ulike dek-ningsalternativa. Endringa i *bokstav b* er ein konse-kvens av at ventetida for rett til sjukepengar frå trygda vert redusert. Det *andre leddet* om vilkår for oppteningstid vert endra i samsvar med reduksjo-nen av ventetida frå 16 til 14 kalenderdagar. Sjå punkt 3.5.8.

Til § 8–38

Regelen gjeld sjukepengedekning og sjukepenge-grunnlag til frilansarar. *Andre leddet* har reglar om ventetid. Endringane inneber at ventetida for rett til sjukepengar frå trygda vert redusert frå 16 til 14 ka-lenderdagar, tilsvarande reduksjonen av arbeidsgi-varperioden. Sjå punkt 3.5.8.

Til § 8–39

Regelen gjeld forsikring for tilleggssjukepengar for frilansarar. *Første, andre og fjerde leddet* vert endra av di ventetida for rett til sjukepengar frå trygda vert redusert frå 16 til 14 kalenderdagar. Sjå punkt 3.5.8.

Til § 8–55

Regelen gjeld sjukepengar ved yrkesskade. Endrin-ga i *bokstav f* vert gjort for å tilpasse føresegna til en-dringa av arbeidsgivarperioden. Sjå punkt 3.5.10.

Til § 10–8

Regelen gjeld rehabiliteringspengar. Rehabilite-ringspengeperioden kan starte når sjukepengane frå trygda tek slutt. Endringane i *tredje leddet bok-stav a og b* tilpassar føresegna til endringane i ar-beidsgivarperioden. Sjå punkt 3.6.

Til § 12–5 første og tredje leddet

Endringa inneber at tenleg attføring skal vere prøvd før ei uføreyting kan bli gitt, uavhengig av

diagnose- eller aldersgruppe. Dessutan vert det i lova stilt krav om at det må liggje føre ei funksjonsvurdering i alle uføresaker.

Føresegna i gjeldande tredje leddet om personar under 35 år med rusmiddelproblem eller psykososiale problem vert oppheva, sjå punkt 4.3.1.

Til § 15–11 første leddet bokstav a

Denne bokstaven inneheld hovudkravet om at forsørgjaren må overlate tilsynet med barn til andre på grunn av skolegang eller arbeid utanfor heimen. Kravet om å studere eller arbeide utanfor heimen vert fjerna, sjå punkt 6.3.

Til § 23–6 bokstav a

Endringa inneber at orda «i arbeidsgiverperioden» vert fjerna. Forsikringordninga vil ikkje lenger vere avgrensa til ansvaret i arbeidsgivarperioden, sjå merknaden til § 8–21.

8.2 Endringane i lova om krigspensjonering for militærpersonar, lova om krigspensjonering for heimstyrkepersonell og sivilpersonar, lova om pensjonstrygd for sjømenn, lova om pensjonstrygd for skogsarbeidarar, lova om pensjonstrygd for fiskarar, lova om samordning av pensjons- og trygdeyttingar, lova om yrkesskadetrygd, lova om statstilskot til ordningar for avtalefesta pensjon og i skattelova

Endringane inneber at uttrykket «foreløpig uførestønad» vert erstatta med «foreløpig uførepensjon», sjå punkt 2.

8.3 Endringane i lov 29. april 1988 nr. 21 om ferie § 10

Til § 10

Regelen i *nr. 4 første leddet* slår fast at sjukepengar utbetalt av arbeidsgivaren i arbeidsgivarperiodar skal reknast som arbeidsvederlag. Endringa inneber at det same skal gjelde for sjukepengar som arbeidsgivaren utbetaler etter folketrygdlova § 8–18 (dvs for delansvaret på 10 prosent etter utløp av arbeidsgjevarperioden).

Endringa i nr. 4 andre leddet bokstav a vert gjort for å tilpasse regelen til endringa i folketrygdlova § 8–33. Sjø punkt 3.5.6.

8.4 Endring i lønnsgarantilova

Til § 1 tredje leddet første punktum

Endringa inneber at den maksimale dekninga gjennom lønnsgarantiordninga vert redusert frå 3G til 2G.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringer i folketrygdlova og i enkelte andre lover

I

I lov 28. februar 1997 nr. om folketrygd (folketrygdloven) skal det gjerast følgjande endringar:

§ 3–2 fjerde og femte leddet skal lyde:

Full grunnpensjon utgjør likevel 85 prosent av grunnbeløpet dersom pensjonisten lever sammen med en ektefelle

- a) som får foreløpig *uførepensjon*, uførepensjon eller alderspensjon,
- b) som får avtalefestet pensjon som det godskrives pensjonspoeng for, se § 3–19 sjette ledd, eller
- c) som har en årlig inntekt, inkludert kapitalinntekt, som er større enn to ganger grunnbeløpet.

I tillegg til de personene som er likestilt med ektefeller etter § 1–5 skal bestemmelsene i fjerde ledd også gjelde for samboerpar som har levd sammen i 12 av de siste 18 månedene. Full grunnpensjon skal utgjøre 85 prosent av grunnbeløpet også når pensjonistens samboer får pensjon eller overgangsstønad etter kapitlene 16 eller 17.

§ 3–4 tredje leddet skal lyde:

For et ektepar utgjør minstepensjonen 170 prosent av grunnbeløpet tillagt to ganger særtillegget etter ordinær sats.

§ 3–26 femte leddet bokstav a skal lyde:

Fribeløpet som er nevnt i først ledd fastsettes etter følgende alternativer:

- a) Dersom pensjonisten har rett til ektefelletillegg, men ikke barnetillegg, skal fribeløpet svare til minstepensjonen (§ 3–4) for ektepar tillagt 5 prosent av grunnbeløpet.

§ 8–12 første og andre leddet skal lyde:

Når *et medlem* har mottatt sykepenger fra trygden i til sammen 250 dager i de siste tre årene, opphører retten til sykepenger fra *trygden*. Dersom trygden yter sykepenger i de første 14 kalenderdagene, ytes sykepenger i opptil 260 dager.

Et medlem som har vært helt arbeidsfør i 26 uker etter at vedkommende sist fikk sykepenger fra trygden, får igjen rett til sykepenger fra trygden i 250 eller 260 sykepengedager. Ved vurderingen

av om medlemmet har vært helt arbeidsfør, ses det bort fra perioder da vedkommende har mottatt sykepenger i arbeidsgiverperioden eller fra forsikringen for selvstendig næringsdrivende og frilansere for de første 14 kalenderdagene.

I § 8–14 andre leddet og § 8–36 første leddet bokstaven b vert talet 17 erstatta med talet 15.

§ 8–17 skal lyde:

§ 8–17 Sykepenger fra trygden

Trygden yter sykepenger med 90 prosent av sykepengegrunnlaget etter utløpet av arbeidsgiverperioden, se §§ 8–10 og 8–19.

Trygden yter sykepenger med 100 prosent av sykepengegrunnlaget, se § 8–10

- a) *når arbeidstakeren har rett til sykepenger i de første 14 kalenderdagene av sykefraværet, men arbeidsgiveren ikke er forpliktet til å yte sykepenger etter § 8–18,*
- b) *under streik eller lockout, etter bestemmelsene i § 8–31,*
- c) *under nødvendig kontrollundersøkelse som krever minst 24 timers fravær, se § 8–4 andre ledd bokstav e,*
- d) *når arbeidstakeren er donor, se § 8–4 andre ledd bokstav i,*
- e) *når trygden dekker sykepenger i arbeidsgiverperioden etter § 8–20 første og andre ledd.*

Det ytes ikke sykepenger fra trygden under lovbestemt ferie etter lov av 29. april 1988 nr. 21 om ferie § 5 og permisjon, se også § 8–3 tredje ledd.

§ 8–18 skal lyde:

§ 8–18 Sykepenger fra arbeidsgiveren

For å få rett til sykepenger fra arbeidsgiveren må arbeidstakeren ha vært ansatt hos arbeidsgiveren i minst fire uker (opptjeningstid). Fravær uten gyldig grunn regnes ikke med i opptjeningstiden.

Dersom arbeidstakeren slutter i arbeidet, men igjen begynner å arbeide hos den samme arbeidsgiveren innen to uker, regnes det tidligere arbeidsforholdet med når opptjeningstiden skal beregnes.

Sykepenger fra arbeidsgiveren i arbeidsgiverperioden, se § 8–19, ytes med 100 prosent av sykepengegrunnlaget. Etter utløpet av arbeidsgiverperioden ytes

sykepenger fra arbeidsgiveren med 10 prosent (arbeidsgivers delansvar) av sykepengegrunnlaget, se § 8–10, i inntil 250 dager, se § 8–12.

Sykepenger fra arbeidsgiveren ytes tidligst fra og med den dag arbeidstakeren har gitt melding om arbeidsuførheten til arbeidsgiveren, såfremt det har vært mulig for arbeidstakeren å gi slik melding. Plikten til å gi melding gjelder også når det foreligger legeerklæring. Retten til sykepenger faller bort dersom arbeidsgiveren skal betale sykepenger på grunnlag av legeerklæring (§ 8–7), og legeerklæringen ikke er sendt til arbeidsgiveren innen 14 dager etter at arbeidsgiveren kan kreve slik erklæring.

Sykepenger fra arbeidsgiveren i arbeidsgiverperioden ytes bare for dager som det skulle ha vært utbetalt lønn for.

Arbeidstakerens rett til sykepenger fra arbeidsgiveren faller bort når arbeidsforholdet opphører, dersom tidspunktet for opphøret var fastsatt før arbeidsuførheten oppstod.

I § 8–19 første, tredje og fjerde leddet, § 8–24 fjerde leddet andre punktumet, § 8–34 andre leddet, § 8–36 andre leddet, § 8–38 andre leddet og § 8–39 første, andre og fjerde leddet vert talet 16 erstatta med talet 14.

§ 8–20 første leddet første punktum skal lyde:

Dersom en arbeidstaker har langvarig eller kronisk sykdom som medfører risiko for særlig stort sykefravær, kan arbeidstakeren selv eller arbeidsgiveren søke om at trygden dekker utgiftene til sykepenger som arbeidsgiveren skal yte etter § 8–18.

§ 8–20 andre leddet skal lyde:

Dersom en arbeidstaker er sykmeldt på grunn av svangerskapsrelatert sykdom, og tilrettelegging eller omplassering til annet arbeid i virksomheten ikke er mulig, kan arbeidstakeren selv eller arbeidsgiveren søke om at trygden dekker utgiftene til sykepenger som arbeidsgiveren skal yte etter § 8–18.

§ 8–21 første leddet skal lyde:

En arbeidsgiver kan forsikre seg mot ansvar for sykepenger etter § 8–18 når de samlede lønnsutbetalingene i det foregående året ikke overstiger 80 ganger grunnbeløpet.

§ 8–21 tredje leddet andre punktumet skal lyde:

Etter utløpet av arbeidsgiverperioden utbetaler trygden sykepenger med 10 prosent av sykepengegrunnlaget direkte til arbeidstakeren, se § 8–18 tredje ledd.

§ 8–22 første leddet skal lyde:

Dersom en arbeidsgiver ikke betaler sykepenger som han er forpliktet til å yte etter § 8–18, skal trygden utbetale sykepengene. Beløpet som er utbetalt, skal trygden kreve tilbake fra arbeidsgiveren.

Overskrifta til § 8–28 skal lyde:

§ 8–28 Sykepengegrunnlaget når arbeidsgiveren yter sykepenger

§ 8–28 første leddet skal lyde:

Når arbeidsgiveren yter sykepenger i arbeidsgiverperioden og med 10 prosent (arbeidsgivers delansvar) etter utløpet av arbeidsgiverperioden, fastsettes sykepengegrunnlaget som nevnt i § 8–10 etter en beregnet aktuell ukeinntekt, se § 8–29.

§ 8–33 første leddet skal lyde:

Trygden yter feriepenger av sykepenger som trygden har utbetalt til en arbeidstaker etter § 8–17. Feriepenger ytes bare for de første 50 sykepengedagene i opptjeningsåret, se ferieloven § 10 nr. 4.

§ 8–55 første leddet bokstav f skal lyde:

f) Sykepenger fra trygden ytes i *opptil* 250 eller 260 dager uten hensyn til bestemmelsene i § 8–12.

§ 10–8 tredje leddet bokstavane a og b skal lyde:

- a) har mottatt sykepenger fra trygden i til sammen 250 eller 260 sykepengedager i løpet av de siste tre årene (§8–12), og fortsatt er arbeidsufør,
- b) har mottatt sykepenger fra trygden i til sammen 250 eller 260 sykepengedager i løpet av de siste tre årene (§8–12), og igjen blir arbeidsufør mens vedkommende er i arbeid uten å ha opparbeidet seg rett til sykepenger på nytt,

§ 12–5 skal lyde:

§ 12–5. Hensiktsmessig behandling og attføring

Det er et vilkår for rett til ytelser etter dette kapitlet at vedkommende har gjennomgått hensiktsmessig behandling for å bedre arbeidsevnen. Med mindre åpenbare grunner tilsier at attføring ikke er hensiktsmessig, kan ytelser etter dette kapitlet bare gis dersom vedkommende har gjennomført eller har forsøkt å gjennomføre et individuelt og hensiktsmessig attføringsopplegg uten at inntektsevnen er bedret.

Når det skal avgjøres om et behandlings- eller attføringstiltak er hensiktsmessig, legges det vekt på alder, evner, utdanning, yrkesbakgrunn og arbeidsmuligheter. Det skal også legges vekt på om vedkommende kan få arbeid dersom han eller hun pendler eller flytter.

Når det fremmes krav om ytelser etter dette kapitlet skal det dokumenteres at funksjonsevnen har vært vurdert av lege eller annet fagpersonell.

§ 15–11 første leddet bokstav a skal lyde:

- a) må overlate nødvendig tilsyn med barn til andre på grunn av utdanning eller *arbeid, eller*

§ 23–6 bokstaven a skal lyde:

- a) arbeidsgiverens forsikring mot ansvar for *sykepenger etter § 8–21,*

II

I dei følgjande føresegnene skal omgrepet «foreløpig uførestønad» endrast til «foreløpig uførepen-sjon»:

1. I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) § 3–2 fjerde leddet bokstav a, § 3–24 tredje leddet bokstav c, § 3–26 tredje leddet bokstav a, § 8–50 første og andre leddet, § 10–13 første leddet bokstav a, § 11–15 første leddet bokstav a, ellefte strekpunktet i innholdslista til kapittel 12, § 12–14 første leddet bokstav a, § 12–16 overskrifta og første til tredje leddet, § 15–14, § 16–10 første leddet bokstav b, § 17–11 første leddet bokstav b, § 18–7 andre leddet, § 19–8 første leddet bokstav a, § 22–10 tredje leddet bokstav b og § 22–12 andre leddet.
2. I lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersoner § 18 nr. 1 tredje og sjette leddet.
3. I lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner § 23 nr. 1 tredje og sjette leddet.
4. I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn § 4 nr. 3, § 5 nr. 2, § 16 nr. 1 bokstav e, § 28 nr. 2 og § 29 nr. 2.
5. I lov 3. desember 1951 nr. 2 om pensjonstrygd for skogsarbeidere § 13 fjerde leddet.
6. I lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere § 8 andre leddet.
7. I lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser § 19 andre leddet, § 20 tredje leddet og § 21 tredje leddet.
8. I lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskadetrygd § 11 nr. 4, § 12 nr. 3 og § 19 nr. 1.
9. I lov 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordninger for avtalefestet pensjon § 2 bokstav f.
10. I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) § 6–81 nr. 2 og nr. 3.

III

I lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. skal § 1 tredje leddet første punktum lyde:

Kravene dekkes av garantien i den utstrekning de har fortrinnsrett etter kapittel 9 i lov om fordringshavernes dekningsrett, dog begrenset i det enkelte tilfelle til et beløp som svarer til *to* ganger folketrygdens grunnbeløp på fristdagen.

IV

I lov 29. april 1988 nr. 21 om ferie skal § 10 nr. 4 første leddet og andre leddet bokstav a første punktum lyde:

Som arbeidsvederlag etter nr. 1 regnes også sykepenger utbetalt av arbeidsgiver i arbeidsgiverperioden *og av 10 prosent av sykepenger (arbeidsgivers delansvar), jf. folketrygdloven § 8–18 for inntil 50 dager hvert opptjeningsår.* Tilsvarende gjelder for omsorgspenger for inntil 10 dager som er betalt av arbeidsgiver ved barns eller barnepassers sykdom, jf. folketrygdloven kapittel 9.

Trygden betaler feriepenger av:

- a) sykepenger utbetalt av folketrygden for inntil *50 dager* hvert opptjeningsår, jf. folketrygdloven § 8–33.

V

Iverksettjng. Overgangsreglar

1. Endringane i folketrygdlova § 3–2 fjerde og femte leddet, § 3–4 tredje leddet og § 3–26 femte leddet bokstav a trer i kraft 1. mai 2005.
2. Endringane i folketrygdlova § 8–12 første og andre leddet, § 8–14 andre leddet, § 8–17, § 8–18 nytt tredje, fjerde, femte og sjette leddet, § 8–19 første, tredje og fjerde leddet, § 8–20 første og andre leddet, § 8–21 første og tredje leddet, § 8–22 første leddet, § 8–24 fjerde leddet, § 8–28 overskrifta og første leddet, § 8–33 første leddet, § 8–34 andre leddet, § 8–36 første og andre leddet, § 8–38 andre leddet, § 8–39 første og andre leddet, § 8–55 første leddet og § 10–8 tredje leddet, § 23–6 og endringane i ferielova trer i kraft 1. april 2005. Endringane gjeld for tilfelle der han eller ho vert arbeidsufør tidlegast på denne datoen.
3. Endringane i avsnitt II og endringane i folketrygdlova § 12–5 og § 15–11 første ledd bokstav a trer i kraft 1. januar 2005.

4. Endringa i lov om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.v. trer i kraft 1. januar 2005. Endringa gjeld berre for bu der krav om konkurs kjem til skifteretten etter at lova er iverksett, for forsikringsselskap og bankar der vedtak om å setje institusjonen under offentleg ad-

ministrasjon vert gjort etter dette tidspunktet, insolvente dødsbu der dødsfallet skjer etter dette tidspunktet og insolvente selskap der tvangsavvikling i medhold av aksjelova § 16–15 og allmennaksjelova § 16–15 vert bestemt etter dette tidspunktet.
